



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr 2

Sommer 2021

78. årgang



Sommarsol over Monen på Longerak. Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt ved Kjell Steinbru.....	s. 2–3
Ny trusopplærer.....	s. 4–5
Bygland bibel og naturcamp.....	s. 6–7
Misjonsprosjektet i Kambodsia .....	s. 8–9
Gudstenesteliste, slekt skal følge m.v. ....	s. 10
Fast info, anna informasjon .....	s. 11

# Da forhenget i

*Au sokneprest*

For andre gong på rad vart gudstenestene i påska avlyst på grunn av pandemien. For ein prest kjennes det rart og tomt å ikkje kunne leve med i dei dramatiske hendingane i påska. Men påskebodskapen er likevel med oss heile året som eit bakteppe for heile forståinga av bibelen sitt budskap. Og vår heilagdag er jo sundagen, oppstodedagen, dagen der vi kvar veke året igjennom feirar minnet om Han som gav sitt liv, for at vi ved Ham skulle få liv.

Så lat oss no difor gå inn i det mest dramatiske av påskehendingane, nemleg da Jesus dør. Slik skildrar Matteus det:

*Frå den sjette timen vart det mørkt over heile landet, og mørkret låg til den niande timen. Og kring den niande timen ropa Jesus med høg røyst: «Elí, Elí, lemá sabaktáni?» Det tyder: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» Nokre av dei som stod der, hørde det og sa: «Han ropar på Elia.» Og med det same sprang ein av dei fram, tok ein svamp og fylte med vineddik, sette han på ei stong og ville la han få*

*drikka. Men dei andre sa: «Lat oss sjå om Elia kjem og bergar han.» «Men Jesus ropa på nytt med høg røyst og gav opp anden. Då rivna forhenget i tempelet i to, ovanfrå og heilt ned. Jorda skalv, og berga brast. Gravene opna seg, og kroppane til mange heilage som var avlidne, vart reiste opp frå dei døde. Etter Jesu oppstode gjekk dei ut av gravene og kom inn i den heilage byen, og der synte dei seg for mange.*

*Men då offiseren og dei som var med han og heldt vakt over Jesus, såg jordskjelvet og det som hende, vart dei gripne av stor redsle og sa: «Sanneleg, han var Guds Son!»*

Jesus gjorde mange mektige undergjerningar i den tida han gjekk omkring på jorda. Slike undergjerningar har ingen sett korkje før eller sidan. Han kunne gå på vatnet og han stilla stormen. Fem brød og to fiskar vart nok mat til 5000 menneske. Vatn vart til vin. Han lækte folk som var sjuke og handikappa. Eller som Jesus sa det sjølv til døyparen Johannes som da satt i feng-

*sel: «Gå og fortel Johannes kva de høyrer og ser: Blinde ser, og lamme går, spedalske blir reine, og døve høyrer, døde står opp, og den gode budskapen blir forkynt for fattige».*

Alt dette blir av Jesus samanfatta i dåpsbefalinga når han seier: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda». På bakgrunn av alt han sa og gjorde kan vi den dag i dag istemme det offiseren sa da Jesus døydde: «Sanneleg, han var (og er) Guds Son!»

Men det er ein spesiell ting eg gjerne vil trekke fram i tekstavsnittet eg har sitert ovanfor. Det er noko som alle dei tre første evangeliene fortel om, nemleg at da Jesus døydde, så rivna forhenget i tempelet. Akkurat det hadde ei sterk og mektig symbolsk betyding.

Denne hendinga er også omtalt i Hebrearbreveet i kapitel. 9. Tempelet i Jerusalem hadde nemleg to viktige rom: Det heilage og det allerheilagaste. Det var mellom desse to romma at forhenget var. Det må ha vore eit vakkert teppe. Det var laga

# tempelet rivena

*Kjell Steinbru*

av purpurblått, purpurrødt og karmosinrødt stoff og fin, tvinnen lin. Den var utført i kunstveving står det å lese i 2. Mosebok 26,31.

Inne i det aller heilagaste stod paktkista før den forsvann ut av historia. I paktkista oppbevarte dei ei gullkrukke med manna frå ørkenen, Arons stav som fekk friske skot, og pakttavlene med dei ti boda.

Inn i det allerheilagaste var det berre ein vald øvsteprest som fekk gå inn ein gong i året. Det var truleg denne tenesta Sakarja hadde da han fekk besøk av ein engel som forkynte at han skulle bli far til døyparen Johannes. Dette skulle skje sjølv om kona Elisabet ikkje kunne få barn, og begge to var langt oppe i åra.

Forhenget og alt anna i tempellet er elles nøye beskrive i Moseloven. Bak forhenget var det eit spesielt gudsnærvær.

Og akkurat gudsnærværet var jo det både Johannes og Jesus forkynte så sterkt. «Vend om, for himmelriket er kome nær!» Desse orda var det både to

starta opp sitt virke med å rope ut til folket.

Og kva alt dette med forhenget har for tyding får vi eit svar på i Hebrearbrevet 10,20: «*Jesus har innvigd ein ny og levande veg for oss gjennom forhenget, som er kroppen hans. (Lekamen hans)*». En veg laga for oss som har tatt imot Jesus, og som leiar oss rakt inn til det aller heilagaste.

Guds lam, Jesus, bærer bort synda i verda og tek bort det gamle forhenget inn til Gud sjølv. Nå er Jesus sjølv blitt eit forheng inn til det allerheilagaste. No er forhenget ikkje lenger eit stengsel, men ein opning inn til Gud. Jesus har «banet en vei for oss inn til Guds stad». (Strofe frå «Salige visshet»)

Så til slutt over til Paulus: Han talar fleire gonger om å kle Jesus på seg.

«*For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus*». Les Galatarbrevet 3,23-29.

Paulus skriv om det same i

Romarbrevet 13,14: «*Men kled dykk i Herren Jesus Kristus.*»

Det vert sagt at kledda våre fortel noko om kven vi er, og om kven vi vil tilhøyra. Kler vi på oss Jesus, så har vi han med oss på livsvandringa. Da skal vi ein gong kunne vandre gjennom forhenget (som no ber namnet Jesus), og like inn i all æve hos Gud. For Jesus har innvigd ein ny og levande veg for oss gjennom forhenget. No står vi ikkje lenger der utanfor gudsfelleskapet.

La oss ta med det verset som står før det eg siterte frå Hebrearbrevet kapittel 10, no vers 19-20: *Så har vi då, sysselen, frimod ved Jesu blod til å gå inn i heilagdomen, dit han har innvigd ein ny og levande veg for oss gjennom forhenget, som er kroppen hans.*

Og i klartekst frå Efesarbrevet 2,18 skriv Paulus: *Ved han (Jesus) har både de og vi tilgang til Far i éin Ande.* Forhenget har utspilt si rolle. No kan vi alle gå gjennom forhenget, som er Jesus, like inn til Den allerheilagaste!

# Ny trusopplærer og ei sterkt trushistorie!

Under gudstenesta og årsfesten for Bygland og Årdal sokn i Sandnes kyrkje søndag 6.juni etterlyste sokneprest Kjell Steinbru tips til ny trusopplærer i Bygland. Dette avdi Ann Carina som har hatt denne jobben for både Evje og Bygland no skal ut i permisjon.

Då kom handa til Susanne Hegenscheidt i veret med ein gong. «Dette trur eg dotter mi Malin kan tenka seg», sa ho. Så medan årsfesten gjekk sin gang var ho i kontakt med Malin som straks svara ja.

Susanne Hegenscheidt kom frå storbyen Hamburg i Tyskland til den vesle bygda Åraksbø med borna sine for 4 år sia. Malin er eldst, og ho har to mindre søsken på 9 og 10 år.

Malin begynte på Lillesand videregående skule etter at ho først hadde gått 9. og 10.klasse på Bygland skule.

Ho skal til hausten ta siste året på Lillesand videregående skule på media og kommunikasjon.

Me let vår nye trusopplærer Malin sjølv fortelje si sterke trushistorie!

Hei.  
Jeg er Malin og jeg har blitt spurt om å være trosopplærer her i Bygland. For et tilbud!

Jeg bor her i vakre Åraksbø med min familie og er her så

ofte jeg kan. Jeg går andre året på Lillesand VGS på Media- og kommunikasjons linja og har dermed det beste både fra Setesdalen og fra Sørlandet.

Å bli spurt om å være trosopplærer her kom veldig overraskende, men som alt det jeg kunne be om. Ikke bare fordi jeg spurte Gud om han kunne bruke meg og om jeg kan hjelpe andre med å komme nærmere Han, men spesielt siden jeg ikke har vært kristen så veldig lenge. Min personlig Jesus-åpenbaring har jeg vel hatt i slutten av november 2019. Det var i hvert fall da en venn i den nye klassen min, i Lillesand, tok meg og to andre venner med til en kristen ungdomsleir som var arrangert av Spiren (ungdomsklubben til Landvik menighet i Grimstad). Litt engstelig gikk vi tre «nye» inn og ble møtt av de 50 hyggeligste menneskene jeg har truffet noensinne. 50 så snille folk, som gledet seg alle sammen over at vi var der. Den helga var jeg for første gang med i en bibelgruppe og kjente på hvilken utstråling folk som er sikre i troen har. Jeg har ikke vært den samme siden. Jeg visste at det her ville jeg fortsette med. Med Spiren altså, og de nye vennene mine. Og det betydde å gjør seg bedre kjent med den kristne troen. Og mens min motivasjon helt i starten var fokusert på å ikke henge så lenge etter de andre og på en måte «passe inn», skifta fokuset mitt veldig raskt til Jesus. Jeg

ville bli bedre kjent med han og begynte da mer og mer å bruke tid med han og det grunnleggende innen den kristne troen. Jeg gikk gjennom alle fasene; redsel, tvil, overvelde, glede, til jeg til slutt klarte å kjenne Hans kjærlighet og den indre freden som har vært der hele tiden.

Et halvt år etter vennen min tok meg med til Spiren, ble vi sammen. Og for å si det sånn; det har fått enda mer fart oppi trosutviklingen min. Faren hans er prest, mora jobber i en kristen barnehage. Nå var jeg nærmest daglig satt ut for det kristne livet og verdiene. Og hadde jeg spørsmål hadde jeg en prest å henvende meg til. Og jeg hadde mange spørsmål! 1. januar 2021 så jeg en årsbibel i bokhyllen deres og ga en positiv kommentar til det. Det neste jeg visste var at den var min og jeg begynte å lese den. Hver dag. Og hvis jeg mista en dag, ja da leste jeg to den neste dagen. Og det har kanskje gjort den største forskjellen. Å lese bibelen hver eneste dag. Fra begynnelsen til slutten. Hver dag får du en tekst fra det gamle testamentet, en fra det nye testamente, en salme og noe fra ordspråkene. Der var mange ting jeg ikke skjønnte, enda flere ting som forundret meg og en del ting jeg ikke likte i starten. I februar begynte jeg da å høre på en «vers for vers – ledelse» gjennom Matheus evangeliet og lærte gjennom den å lese bibelen ut av datidens øyne og ikke henge meg



opp i ting som kanskje ikke passet inn i 2021 årsbildet mitt. I stedet lærte jeg å se Guds Ord, budskapet til oss menneskene og hvordan alt henger sammen. Det fascinerte meg og gjør det fortsatt.

Jeg begynte mer og mer å be, og Gud begynte å gjøre mye i livet mitt. Jeg fant en indre fred i meg som jeg hadde mistet for lenge siden. Jeg visste; dette her ville jeg holde på med resten av livet. Jeg ville tjene Gud og leve i hans nærvær, jeg ville bringe folk nærmere han og gjør en forskjell i verden. Selv om den kunne være nokså lite. Men alt det der var litt mye, og jeg visste ikke helt hvordan jeg skulle starte. Gud visste. Da jeg leste en bok «Er det virkelig deg Gud?» fikk jeg plutselig tanken om at jeg skulle skrive til han som er ansvarlig for skolelaget i Agder. Kjæresten min hadde snakket mye om det,

men på grunn av korona ble det aldri noe av. Jeg skrev den Emailen med spørsmålet om det allerede finnes et Lag på Lillesand VGS og hvis ikke, om man kunne opprette et og i nullkommaniks satt jeg og kjæresten min med i styret. Det var ikke mye aktivitet der, men vi begynte å sette opp noen møter og engasjere noen folk. Også hvis det var få interesserte i starten. På et av de første styremøtene var han jeg skrev Mail til med og på slutten sa han til oss to at Laget organiserer en Lederakademi, hvor han kunne se for seg at vi hadde passet til. Det er en ettårs kurs med tre fysiske og to digitale møter, pluss at du har en mentor over et helt år. Vi skrev begge en søknad og etter et intervju og mye spent venting kom vi begge inn.

Imidlertid hadde jeg spurt Spirten om jeg kunne holde min

første andakt. Og litt etter så ble jeg spurt om jeg kunne være trosopplærer her i Bygland og Årdal.

Så for å si det kort, Gud hørte min bønn og legger en veg for meg som jeg ikke kunne ha drømt om engang.

Det jeg ønsker nå er å gå Han sine veger og ikke prøve å gjøre ting på egen hånd, glede meg over de tingene han legger foran meg og ta utfordringene, gjøre mitt beste, og hjelpe folk med å komme nærmere gleden i Han.

Jeg gleder meg utrolig mye til å jobbe som trosopplærer og gjøre masse gøy ting med barna og finne sammen med dem ut av de store og de små spørsmålene i livet.

Beste hilsen  
Malin Hegenscheidt

# Bygland bibel og naturcamp for 19. gong!

*Tekst og foto: Olav Nilsen*

Det vart for fleire av oss startskotet på ein god tradisjon kvar einaste sommar ei veke i byrjinga av juli månad.

Så og sommaren 2021, då godtfolk samlast på KVS Bygland frå 4.-11.juli - enkelte berre for nokre dagar, men mange for ei heil veke med bibeltimar, barnemøte, bønne møte og kveldsmøte. Men som namnet tilseier legg me og til rette for utflukter i Guds frie natur, og her har Skaparen vore særskild gåvmild då han tok ferda nedover til Setesdal og Bygland! Me skriv nedover, avdi sagnet sier at sjølv den allmechtige vart trøyt etter alt strevet han hadde hatt med å skapa det fagre Noregsveldet frå nord til sør. Så då han hadde lagt Haukelifjellet bak seg, la han seg framover og kvilte med høgre-



handa mot jorda. Og slik vart dei 5 vestre dalane på Agder til - alle med retning nord-sør, og med Setesdal som den aller lengste og mest storslagne.

Dermed kan Bygland by på alt - frå høge fjell, djupe dalar, skog og vidder, og midt nede i dalføret den langstrakte Byglandsfjorden med vikar, sund og innbydande sandstrender der badetemperaturen på sommaren ofte kjem godt over tjuve varme grader!

Og etter ein dag til fjells er det alltid godt å svala seg på Byglandsstranda.

Enkelte pasjonerte fiskarar kjem attende til camp'en kvart år, men som det eine biletet syner stiller ein ingen særskilde krav til antrekk. Edvard Foss med snart 40 år bak seg i Indremisjonsforbundets teneste stiller alltid med fullt utstyr, medan Tore Sikvaland med mest like mange år bak seg i Skatteetaten tek det noko meir

lettvint, og går i sommarhalvåret stort sett rundt i en raud shorts - og når han skal til fjells og fiska!

Handleglade damer og fartssugne karar ser alltid fram til utflukta sør- over til Evje - det største handels- sentrumet på heile indre Agder, og med ein gokart-bane på Moissund der elles sindige misjonsfolk kastar alle hewingar og set klampen i botn med vågale forbikøyringar på dei mest farefulle partia. Om ikkje referenten hugsar feil tok bibel- og naturcamp'ens grunnleggar - Ommund Tveit - eit år tur- en langt ut i periferien då han freista pressa sjølvaste kvelds- talaren av vegen rett før eit kritisk punkt i den aller krappaste svingen.

Me får vona årets kveldstalar Asle Hetlebakke kjem heilskinna frå det, og kan entra talarstolen på kveldsmøta uskadd og med den gode bodskapen om Jesus. Han skulle vera godt kjent etter årelang teneste i misjonen, men på Byg-



land er han eit nytt fjes. Det same var bibeltimehaldaren Roald Evensen då han for første gong dukka opp i fjor, men han hadde så mykje godt å dela at me omgåande inviterte han på nytt.

Borna og ungdomen må og nemnast. I fjor var ein tredjedel av deltakarane under 15 år, og då er det viktig å gje dei og det aller beste. Ein av dei gilde ungdomane som kjem attende år etter år er Pascaline Sagbakken frå Hurum. Dei siste somrane har ho teke seg av barnarbeidet, og i år har ho med seg ein kjekk ung mann frå Vik i Øygarden med det klingande namn Martin Olai Torsvik. Då skulle barneopplegget utan tvil vera i dei aller beste hender!

Det var planen at Vera Henriksen, busett i Sør-Spania, og i år skulle gleda deltakarene med sin varme djupe songstemme heile veka, men diverre måtte ho melda avbod etter at brosjyemateriellet

hadde gått i trykken. Vonaleg er ho attende neste sommar med dei gode gamle vekkelsessongane. Men me arbeider med å få på plass andre gode songarar og muskarar, og laurdagskvelden dukkar som vanleg Charlie Blackwater opp. Han vert rekna for ein av Nordens beste munnspelarar, og akkompagnert av ein god pianist og Martin Olai Torsvik som har lova å ta med seg sin kjære fiolin, kan det fort verta musikk og song av ypperste klasse.

Og i år er det norsk-tyske Judith Zøllner som lagar god heimelaga mat til fornøgd deltakarar.

Har me nemd noko om Corona? I fjor vart det ny deltakar-rekord til trass for Coronabrotet. Men sjølsagt tok me omsyn til Corona, og følgde kommunelege Åsulv Horveraks tilrådingar til punkt og prikke. Det gjer me i år og, så alle kan føla seg sikre på at omsynet til dette vert ivareteke på aller beste

måte. Og i desse tider då styremaktene med jamne mellomrom innfører skjenkestopp over heile landet, kan det vera greit å nemna for kommunelegen at ein ikkje har for vane å skjenka alkohol på arrangement i Indremisjonsforbundet!

Men det viktigaste er at budskapet om Jesus lyder varmt og klart i alt som skjer, og at Han har lova å vera midt i blant oss der to eller tre er samla i hans namn.

Så og på Bygland bibel- og naturcamp med godt og vel hundre deltakarar, og der me ha plass til endå fleire!

For påmelding, ring til 982 99711, eller send ein mail til: [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com)

Sjå og heimesida [www.bibelognaturcamp.no](http://www.bibelognaturcamp.no)

Velkomen til store og små!



# Situasjonen i Kambodsja

**Bygland og Årdal kyrkjelyd støtter eit misjonsprosjekt i Kambodsja som Misjonsalliansen driv. Misjonsalliansen arbeider under mottoet «På jorda som i himmelen». Dei driv eit omfattande arbeid blant fattige og marginaliserte menneske i Asia, Sør- Amerika og Afrika. Her er ein rapport frå deira arbeid i Kambodsja.**

Også denne våren har vore prega av korona, med stengde samfunn både ute og heime. I Noreg lengtar vi etter «kvardagen vår», med aktivitetar og samlingar i større fellesskap. Mange har kjent på usikkerheit og einsemd. Retter vi blikket noko utover og ser korleis pandemien rammer i andre deler av verda, blir våre utfordringar i Noreg likevel små, og vi kjenner på ei enorm takksemd og vert lett audmjuke når vi tenkjer på kor godt vi eigentleg har det her hos oss. Vi vert utfordra til å dele av vår overflod og til å engasjere oss for menneske og samfunn som manglar den tryggleiken og dei privilegia vi tek for gitt.

Saman med dykk og i samarbeid med våre partnerar der ute, er

Misjonsalliansen til stades i sårbare samfunn. Saman kjemper vi mot fattigdom, fremmar rettferd og deler tru. Dette er jo store ord og ei stor oppgåve, men vi veit at det nytter! Ingen kan gjere alt, men alle kan vi gjere noko. Tusen takk for dykkar engasjement, bønner og støtte til sårbare menneske i Kambodsja!

Kambodsja har vore noko mindre ramma av koronasmitte enn mange andre land i Asia, men det er framleis mykje usikkerheit knyta til korleis smitta vil utvikle seg framover, spesielt med den indiske varianten. Det er framleis strenge smittevernstiltak, med avgrensingar i kor mange som kan møtast, og kor ein kan reise, også innanlands. Hovudstaden, Phnom

Penh, har til tider vore fullstendig nedstengd.

Våre utsendingar, Anders og Karen med familie, leier arbeidet med heimekontor frå Phnom Penh via digitale plattformer. De fortel at dei gjerne skulle vore ute i landsbyane og besøkt prosjekta i provinsane, men er takknemlege for at samarbeidspartnerane ute i provinsane framleis kan drive vidare mange av prosjekta.

Det vert halden kurs i jordbruks- teknikkar, og arbeidet med born og unge sine rettigheter og tilgang til reint vatn og gode sanitærforhold held fram, sjølv i denne vanskelege tida. Planlegging av nye prosjekt og samarbeidspartnarar for 2022 er i full gong. Det skal settast i gong







fleire kurs, m.a. kurs for foreldre og eit nytt digitalt kurs om klimaendringar og kva for konsekvensar det har for nærmiljøet. Spannande er også planane om å ta imot volontørar frå Noreg i 2022.

Sjølv om Kambodsja ikkje har vore like hardt ramma av korona som andre land i Asia, har svært mange mista jobbane sine. Ei stor bekymring er alle fabrikkarbeidarane som har mista inntektene sine på grunn av nedstengde fabrikkar. Dei fleste som arbeider på fabrikkane, lever frå hand til munn og har ingen oppsparte midlar. Når fabrikkane stenger og løna ikkje kjem, blir situasjonen særst alvorleg. Vi er takknemlege for at vi saman med dykk i Noreg og lokale partnerar i Kambodsja kan være til stades og gjere ein skilnad i lokalsamfunn også i denne vanskelege tida.

#### **Fakta om Kambodsja**

13,5 prosent av Kambodsjas befolkning lever i ekstrem fattigdom, og

ifølge SN lever halvparten av befolkninga i fleirdimensjonal fattigdom. Det vil seie at dei har mangelfull tilgang til god utdanning, tilstrekkelege helsetenester og andre viktige forhold for eit godt liv.

Hovudstad: Phnom Penh.  
Befolkning: 15 288 489.  
Offisielt språk: Khmer.  
Statsform: Monarki.  
Religion: Buddhisme.

#### **[www.misjonsalliansen.no/kambodsja](http://www.misjonsalliansen.no/kambodsja)**

På heimesida til Misjonsalliansen finn de mykje interessant stoff om det mangfaldige arbeidet dei driv, også i Kambodsja. Her ligg også videoar som presenterer arbeidet dei held på med.

#### **Gje ei gåve!**

*Ikkje alle har vore på dei gudstjenestene der vi har hatt ofring til misjonsprosjektet. Men arbeidet kan de likevel støtte på denne måten:*

Vipps til nummer 10590 eller til kontonummer 3000.16.00040.

#### **Skattefrådrag**

Gåver til Misjonsalliansen gir både privatpersonar og bedrifter rett på skattefrådrag på gåver mellom 500 og 50.000 kr. For å få skattefrådrag må dei ha det 11-sifra fødselsnummeret. Det kan de registrera på «Min side» på heimesida til Misjonsalliansen, [www.misjonsalliansen.no](http://www.misjonsalliansen.no). Benytt «Glemt Passord» om de ikkje er brukar frå før. Ein kan også ta kontakt med dei på telefon 22 94 26 00 for å ordne dette. Personopplysningar vert behandla etter gjeldande strenge krav.

Når Misjonsalliansen har registrert ditt personnummer, sørgjer dei for å rapportere gåva inn til Skatteetaten. Dette vil gje deg eit automatisk fråtrekk på beregninga av skatten din i skattemeldinga.



Komm til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

**Gudstenester  
i Bygland og Årdal våren 2021**

**11. juli. 7. søndag i treeiningstida.**

KVS Bygland 11:00. Gudsteneste open for alle ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Lukas 19,1-10: «Sakkeus: For Menneskesonen er komen for å leita etter dei bortkomne og berga dei.» Takkoffer til KVS Bygland.

**18. juli. 8. søndag i treeiningstida.**

Friluftsgudsteneste på Austadneset eller ved ulagleg vår i Sandnes kyrkje kl. 12:00 ved Kjell Steinbru. Preiketektst: 2. Korinterbrev 8,9-15: «De kjenner vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik». Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

**Torsdag 29. juli. Olavsdagen/Olsok.**

Friluftsgudsteneste ved Sandnes kapell eller ved ulagleg vår i Sandnes kyrkje kl. 18:00 ved Rune Stormark. Preiketektst: Lukas 9,23-

26: «Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men mistar seg sjølv?»

Takkoffer til Åpne Dører.

**15. auust. 12. søndag i treeiningstida.**

Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved Rune Stormark. Preiketektst: Lukas 8,1-3: «Med alt det dei eigde, tente dei Jesus og dei tolv». Takkoffer til Kirkens SOS i Noreg.

**22. august. 13. søndag i treeiningstida.**

Årdal kyrkje kl. 18:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketektst: Lukas 12,41-48: «Ver førebudde når Menneskesonen kjem». Takkoffer til Kyrkjelydens Misjonsprosjekt i Kambodsja.

**28. august. Laurdag før Vingardssøndag.**

Bygland kyrkje kl. 12:00. Konfirmasjons-gudsteneste ved Kjell Steinbru.

**29. august. Vingardssøndag**

Sandnes kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjons-gudsteneste ved Kjell Steinbru.

**4. september. Laurdag før 15. søndag i treeiningstida.**

Årdal kyrkje kl. 11:00. Konfirmasjonsgudst-este ved Kjell Steinbru.

**4. september. Laurdag før 15. søndag i treeiningstida**

Austad kyrkje kl. 14:00. Konfirmasjonsgudst-eneeste ved Kjell Steinbru.

**Konfirmasjonar i Bygland i 2021:**

Laurdag 28. august kl. 12:00:  
Bygland kyrkje.  
Thomas Torsvik Bratteland  
Pernille Larsson Olsen  
Eskil Fjerdingsstad Vegusdal  
Therese Lande

Søndag 29. august kl. 11:00:  
Sandnes kyrkje.  
Annbjørg Haugen  
Ingrid Bue  
Jon Vegard Sundt Kolbu

Laurdag 4. september kl. 11:00:  
Årdal kyrkje.  
Oskar Rokoengen Kjetså  
Ida Helen Langhelle Åsen  
Caroline Gorseth Nilsen

Laurdag 4. september kl. 14:00:  
Austad kyrkje.  
Anja Sordal Nomeland

**Konfirmantundervisning:**

25. august kl. 14.30.

**Friluftsgudstjester:**

Bygland og Årdal kyrkjelyd inviterer til fleire friluftsgudstenester i sommar. Før dette bladet kjem ut har vi truleg hatt gudsteneste på Tveitå den 20. juni. Så er det neste på Austadneset den 18. juli kl. 12:00. Vidare er det planlagd ei friluftsgudsteneste på Olsokdagen, torsdag den 29. juli kl. 18:00. Felles for alle desse er atterhald om lagleg vår. Om ikkje vêret er på vår side, vert desse siste to gudstenestene flytta inn i Sandnes kyrkje. Hugs å ta med stol. Etter gudstenestene er det hyggeleg å sette seg ned med eige medbrakt kaffimat. Meir detaljert informasjon finn de på heimesida og Facebooksida til kyrkjelyden når tida nærmar seg.

**ÆTT SKAL FYLGJA  
ÆTTERRAD**



**Døypte**

Bygland kyrkje 30. mai:  
Brede Langfeldt Sandnes

Signe Margit Bredesen  
født 09.04.1944  
død 28.05.2021

**Døde:**

Per Otto Voreland,  
født 13.01.1946  
død 05.03.2021

Ingeborg Syrtveit  
født 11.06.1925  
død 02.06.2021

Torbjørn Kydland  
født 23.04.1927  
død 29.03.2021

Astrid Susanne Nordgarden  
født 27.01.1935  
død 20.04.2021

Marit Pauline Kydland  
født 13.04.1933  
død 25.05.2021

Birgit Eldhuset  
født 21.12.1922  
død 11.06.2021

## *J trusopplæringa er alle velkomne!*

Etter at vi har fått nye personvernreglar i Noreg har vi i kyrkja ikkje lenger høve til å sende invitasjonar til trusopplæringstiltak til ikkje-døypte born, altså til dei som ikkje er medlemmar i kyrkja.

Dette gjeld også sjølv om ein eller begge foreldra er medlemmer av kyrkja. Difor får desse borna ikkje invitasjonar til dei mange gode trusopplæringstiltaka kyrkja arrangerer. Det kan likevel vere fleire foreldre/born som kunne vore interessert i å vere med på de forskjellige trusopplæringstiltaka. No har kyrkja lansert ei løysing på dette.

Foreldre som er *medlemmer av kyrkja* kan registrere at dei ønskjer trusopplæringstilbod til dei borna som ikkje er døypt på denne sida: [www.kyrkja.no/minside](http://www.kyrkja.no/minside). (Innlogging med Bank-ID). Der finn de ein link vidare til registreringa.

Foreldre som *ikkje er medlemmer av kyrkja* har òg høve til å registrere borna som trusopplæringsabonnentar og motta trusopplæringstilbod til dei borna som ikkje er medlemmer. Logg inn på den same sida og registrer barnet.

Når det vert sendt ut invitasjonar til trusopplæringstiltak tek ein utgangspunkt i kyrkja sitt medlemsregister. Dei innmeldte borna vil da stå der som abonnentar. Dette gjeld for born under 15 år. Foreldre til born som allereie er døypt og dermed er medlemmar av kyrkja treng ikkje gjere noko.

## *Ikkje så nøye på Bygland!*

Vetle, den gong 7-8 år gamal, skulle på besøk til farfar på Bygland nokre dagar. Mor hans hjelpte til med pakkinga. Undertøy blei bretta greitt og lagt i sekken. Vetle fekk tydeleg ordre om å skifte kvar dag. "No problem", sa han. Litt engelsk hadde han då fenge med seg på skulen.

Då han etter nokre dagar kom heim att med sekken sin, og mora pakka opp, låg undertøyet plent slik ho hadde lagt det ned. Ho tok føre seg gutungen: "Skifta du ikkje kvar dag, som eg sa?". Vetle såg opp på mor si: "Du skjønner vel det, mamma", sa han. "Det er ikkje så nøye på Bygland!"

Svein Kleivane

## *Konfirmantar 2022*

Førebuingane til neste års konfirmantar er i full gang. Dette årskullet er vesentleg mindre enn det vi har vore vande med i Bygland. Det er framleis opent for påmelding til konfirmasjon på heimesida [www.bygland.kyrkjelyd.no](http://www.bygland.kyrkjelyd.no). Der ligg det ein artikkel som heiter *Påmelding til konfirmasjon* der ein kan melde seg på.

Påmeldingsskjemaet kan enkelt fyllast ut frå datamaskin, smarttelefon eller nettbrett. Det er viktig å understreke at konfirmasjon er opent for alle som er interessert i å lære meir om kristendom og kyrkja. Ein treng ikkje ha ei sterk tru for å følgje konfirmantopp- legget. Dei som ikkje er døypte er også hjarteleg velkomne til å vere med, men ein må vere døypt for å delta på sjølve konfirmasjonshandlinga.

### **Her er noko av programmet for hausten:**

**Kick-off** laurdag 25.september. Dette er eit arrangement i samarbeid med Åseral og Evje og Hornnes-konfirmantane.

**Konfirmantpresentasjon** på ei gudsteneste i Bygland kyrkje søndag den 17. oktober kl. 16.00.

**Konfirmantleir** 29. -31. oktober på Knaben leirskule. Busstransport. Også denne er felles med Åseral og Evje og Hornnes.

**Ljosmesse.** Søndag 28. november kl. 19.30 i Årdal kyrkje.

Alle detaljer er ikkje klare enno. Men datoane står fast. Gjennom konfirmantåret er det 10 dobbeltimar med undervisning.

### **Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon**

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: . . . . . **37 93 47 00**

Heimeside: [bygland.kyrkjelyd.no](http://bygland.kyrkjelyd.no)

#### **Sokneprest Kjell Steinbru**

Telefon: . . . . . 473 28 472  
E-post:  
[kjell.steinbru@kirken.bygland.no](mailto:kjell.steinbru@kirken.bygland.no)

#### **Kyrkjeverje Olav Nilsen**

Telefon: . . . . . 982 99711  
E-post: [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com)

#### **Bygland og Årdal sokneråd**

Leiar: Marit Taksdal  
Mobil: 414 02881  
E-post: [taksdalmarit@gmail.com](mailto:taksdalmarit@gmail.com)

Nestleiar: Guro Kvaale Skibsrud  
Mobil: 913 26596  
[guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no](mailto:guro.kvaale.skibsrud@bygland.kommune.no)

#### **Tilsette**

##### **Organist**

Hans Jurgen Wiehe . . . . . 915 47 804  
Knut Olav Uppstad (eige firma)  
Mobil: . . . . . 400 41041  
Mail: [uppstad@gmail.com](mailto:uppstad@gmail.com)

#### **Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes**

Knut Gakkestad . . . . . 948 80 383

#### **Kyrkjetenar, Årdal**

Tore Moseid. . . . . 462 39056

#### **Kyrkjetenar og klokkar, Bygland**

Kim Andre Thorstensen . . . . . 984 69 989  
Svein Kleivane . . . . . 977 74 321

#### **Kyrkjetenar, Austad**

Tore Moseid . . . . . 462 39 056

#### **Klokkar, Austad**

Svein Kleivane . . . . . 977 7 4321  
Knut Gakkestad . . . . . 948 80 383

#### **Reinhaldarar**

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034  
Marie Bue (Bygland) . . . . . 482 10 259  
Magdalena Bloch  
(Sandnes) . . . . . 912 56159  
Therese Gautestad  
(Austad) . . . . . 901 94676

#### **Prostidiakon**

Per Emanuelsen . . . . . 977 19173  
Mail: [pe-em@online.no](mailto:pe-em@online.no)

#### **Kyrkjelydssekretær**

Åse Guldsmoen. Treffast best på  
onsdagar på tel: 911 78 218

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje



**Klokkar Harry Andersen og kyrkjeverje Olav Nilsen i aksjon på bårehuset ved Bygland kyrkje  
Foto: Aasmund Lauvdal**